

Prosjektplan besøksstrategi



Besøksstrategi for Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat, Bleia naturreservat og Grånosmyrane naturreservat

Handsaming i Nærøyfjorden verneområdestyre på møte den 01.03.2017

Innhald

Målsetting og forventningar til prosjektet	3
Føremål, bakgrunn og forventningar	3
Føremål.....	3
Bakgrunn	3
Kva er ein besøksstrategi.....	4
Prosjekt mål.....	4
Målgrupper.....	4
Kunnskapsgrunnlag	5
Interessentar og målgruppe	6
Metodikk og medverknad	6
Organisering og roller.....	6
Prosjektansvarleg	6
Styringsgruppe.....	7
Prosjektleder.....	7
Prosjektmedarbeidar	7
Referansegruppe	7
Ressurspersonar/organisasjonar	7
Tidsplan og milepælar for arbeidet.....	7
Budsjett	8
Kritiske suksessfaktorar.....	8

Målsetting og forventningar til prosjektet

Føremål, bakgrunn og forventningar

Føremål

Føremålet med å utarbeida ein besøksstrategi er å få ein samla besøksforvaltning for verneområda i Nærøyfjordområdet. I besøksforvaltninga skal ein sikra at naturverdiane og kulturverdiane i verneområda vert tatt vare på, samtidig som områda skal kunne brukast til aktiv landbruksdrift og friluftsliv. Det skal vidare leggjast vekt på ei betre oppleving for dei besøkjande i verneområda. Samla sett kan dette gje auka moglegheit for verdiskaping for lokalsamfunna i og rundt verneområda.

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet har sett som krav at alle verneområde i Norge skal ha utarbeid besøksstrategi for område innan 2020. Miljødirektoratet har utarbeid ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde. I rettleiaren er det sagt korleis forvaltningsmyndigheita skal bruka besøksforvaltning som verktøy i ein strategisk og god forvaltning av verneområda for at opplevinga for dei besøkjande og den lokale verdiskapinga skal verta størst mogleg, samtidig som forståinga for vernet aukar og verneverdiane vert ivaretatt.

I fylgje vedtektene til verneområdestyret, skal styret utarbeida besøksstrategi for verneområda som del av forvaltningsplanen, eller som vedlegg til forvaltningsplanen. Forvaltningsplan for verneområde i Nærøyfjorden er utarbeidd som eit plandokument for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (VNF) delområde Nærøyfjorden, der verneområda er ein viktig del av planen. Verneområda utgjer om lag 96 % av verdsarvområdet delområde sør. Planen var godkjent i 2008. I forvaltningsplanen er reiseliv og friluftsliv omtalt i eigne kapittel der problemstilling rundt bruk og vern er diskutert. Problemstillingane i forvaltningsplanen vil vera eit godt grunnlag å starte arbeidet med besøksstrategi på.

Merkevarestrategien for verneområde i Norge skal takast i bruk i alle verneområde. Den nasjonale målsetjinga for merkevarestrategien er;

- fleire besøkjande
- større verdiskaping
- god forvaltning av naturverdiane.

Det skal vera ein felles visuell profil for alle aktørane under merket. Besøksforvaltning og besøksstrategi skal sikra ei god iverksetjing av merkevarestrategien og den visuelle profilen. Det skal vera med å sikra høg kvalitet på informasjon og tilrettelegging.

For å få ein god besøksforvaltning, må verneområda sjåast i samanheng med områda rundt verneområda. Det er difor viktig med godt samarbeid med forvaltningsmyndigheitene utanfor verneområda. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har starta opp arbeidet med ein besøksforvaltningsplan som ein samfunnsplan i kommunane med areal i verdsarvområdet med innfallsportar. Prosessen med besøksstrategi bør ha tett samarbeid med dette prosjektet for å få ein god og heilskapleg besøksforvaltning for både verneområde og verdsarvområdet. Med godt samarbeid vil me få godt utbytte av at desse to prosjekta går samtidig. Det er innhenta mykje god kunnskap gjennom gjesteundersøking, verdiskaping frå ulike typar reiseliv på stadnivå, ressurskartlegging i bygdamøte, landskapsanalyse og samhandling med lokal og regional forvaltning.

Nærøyfjorden og strendene der er det området som har dei høgaste besøkstala og størst belastning på naturverdiane. Det kjem fram i forvaltningsplanen, i utkast til landskapsanalyse, gjennom utførte gjesteundersøkingar og innspel på bygdamøte. Gjennom desse rapportane og undersøkingane har vi ei grov oversikt over arealbruk og utfordringar som fordrar hastetiltak. Dette fjordområdet vil verta prioritert som fyrste tiltaksområdet i besøksstrategien. Område med mindre besøkstal vil vurderast i siste del av prosessen med besøksstrategien.

Kva er ein besøksstrategi

I rettleiaren for besøksstrategi i norske verneområde vert det lagt fylgjande definisjon til grunn:

Besøksforvaltning. *Å legge til rette for og styrke bruken av en nasjonalpark slik at opplevelsen for de besøkende og den lokal verdiskapingen blir størst mulig, forståelsen for vernet økes og verneverdiene ivaretas.*

Besøksstrategi. *En besøksstrategi er en plan for hvordan forvaltningsmyndigheten vil gjennomføre besøksforvaltningen for verneområdet. Besøksstrategien skal vise hvilke tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er nødvendige for å balansere verneverdiene, slik at en oppnår størst mulig nytte for alle tre interesser.*

Prinsipp. *Dersom det er motstridene målsettinger mellom ivaretagelse av verneverdiene, tilrettelegging for de besøkende og lokal verdiskaping, skal ivaretagelse av verneverdiene tillegges størst vekt.*

Prosjekt mål

- Ivareta verneverdiane og auka kunnskapen om verneverdiane i området
- Auka aksept og kunnskap om verneområda og verneverdiane hjå innbyggjarar, reiselivsverksemdene og dei besøkjande
- Utvikla visjonar og mål for område
- Legga til rette for betre samhandling mellom reiselivsverksemdene, destinasjonselskapa og forvaltningsmyndigheita
- Ta i bruk merkevarestrategien for verneområde i Norge, og samordne formidlinga med verdsarvområdet.
- Legge til rette for moglegheit for auka verdiskaping i tilknytning til verneområda.
- Tilrettelegging med informasjon og fysiske tiltak for å ta vare på verneverdiane og gje dei besøkjande betre opplevingar. Tiltaka startar fyrst i område med høge besøkstal.

Målgrupper

Målgruppene for besøksstrategien er lokalbefolkninga, besøkjande, landbruksnæringa, reiselivsverksemdar og anna næringsliv, destinasjonsselskapa og kommunal forvaltning.

Kunnskapsgrunnlag

Eit viktig grunnlag for utarbeiding av besøksstrategien er kunnskap om verneverdiane, reiselivsnæringa og dei besøkjande. Kulturlandskapet er ein del av verneføremålet. Tradisjonell landbruksdrift er viktig og avgjerande for å ta vare på jordbrukskulturlandskapet, og kunnskapen om landbruksnæringa vil vera eit viktig kunnskapsgrunnlag.

Kunnskapsgrunnlaget vil verta samla og presentert på Fylkesatlas. Det vil vera eit viktig verktøy i møte med ulike brukargrupper for å sjå potensiale for bruk og vern av områda.

Tema	Omtale	Status	Ansvar
Naturfagleg kunnskap	Oversikt tilgjengelege rapportar og registreringar. Avdekka manglande kunnskap	Starta	Verneområdeforvaltar SNO
Brukarundersøking i område med tilrettelagte turstiar	Kartlegging med spørjeskjema. Ferdselsteljarar. Statestikk frå turlaga	Gjennomført ferdselsteljing Brekkestien og Stigen. Ikkje gjennomført for andre område	SNO (ferdselsteljar), verneområdeforvaltar
Gjesteundersøking	Gjesteundersøking i regi av VNF	Rapport i 2017	Prosjektlear besøksforvaltning VNF
Sårbarheitsanalyse for område med høgt besøkstal.	Område er plukka ut på bakgrunn av gjesteundersøking, grendamøte og kjennskap til område	Rapport 01.12.2016	Verneområdeforvaltar Tenestekjøp NINA
Erosjonsskadar i fjorden	Kartlegge erosjonsskade langs strendene i Nærøyfjorden	Pågåande	SNO, verneområdeforvaltar
Kartlegga potensielle turmål	Vurdera kva område som er potensielle nye turmål, og om område er sårbare for ferdsel. Sårbarheitsanalyse?	Ikkje starta	SNO, verneområdeforvaltar Prosjektlear besøksforvaltning VNF
Kartlegging av kulturminne	Vurdera trong for kartlegging av kulturminne utover restaureringsplan og kulturminneplanar som er utarbeidd. Trong for informasjon?	Ikkje starta	Verneområdeforvaltar Fylkeskommunane, kommunane
Kartlegging av kulturlandskapet og viktige beiteområde	Mange av områda er kartlagt i samband med skjøtselsplan. Det må vurderast om det er område som treng meir kartlegging, eller planar som må evaluerast	Skjøtselsplanar. Pågåande arbeid	Verneområdeforvaltar SNO, Kommunane Prosjektlear besøksforvaltning VNF
Landskapskvalitetar og landskapskarakter	Vurdere bruk av område vs. Opplevingskvalitetar og tilretteleggingsgrad	Landskapsressursanalyse, pågår	Verneområdeforvaltar Prosjektlear besøksforvaltning VNF

Oversikt tilrettelegging for friluftsliv	Oversikt over typar bruk, omfang, eksisterande tilrettelegging og informasjonskilt	Opplysingar i forvaltningsplan, verneområdelogg	Verneområdeforvaltar Prosjektleiar besøksforvaltning VNF kommunane SNO
--	--	---	--

Interessentar og målgruppe

Det er mange aktørar i forvaltninga av norsk natur og verneområda. I arbeidet med besøksstrategien er det viktig å få flest mogleg av interessentane med i arbeidet. Det er aktørar både i det private og offentlege. Besøksstrategien vil verta betre, og fleire vil få eigarskap til den dersom prosessen med utarbeiding av planen er god, og dei ulike interessentane vert ivaretekne. I prosessen med besøksforvaltningsplanen til verdsarvrådet er både private og offentlege aktørar involvert i arbeidet, og det vil vera naturleg å samordne deltaking i desse to prosjekta. I tillegg vil det vera tett samarbeid med verneområdeforvaltninga i Geirangerfjordområdet, som er delområde nord i verdsarvområdet.

Interessentar i arbeidet med besøksstrategi vil vera:

- Kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss
- Statens naturoppsyn
- Grunneigarar og rettshavarar i verneområda
- Villreinnemnd
- Aurland hamnevesen
- Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap
- Nærøyfjorden verdsarvpark
- Aurland og Lærdal Fjellstyre
- Reiselivsaktørar og næring- og reiselivsorganisasjonar
- Turlaga
- Frivillige organisasjonar innan jakt, fiske, friluftsliv og naturvern
- Fylkesmenn og fylkeskommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane
- Ulike faginstitusjonar

Metodikk og medverknad

I arbeidet med besøksstrategi for Nærøyfjorden vil det vera viktig med godt samarbeid med besøksforvaltningsplanen for verdsarvområdet med innfallsportar. Det er gjennomført fleire bygdamøte der forvaltar har delteke som representant for verneområdestyret. Besøksstrategien vil bygge vidare på dette arbeidet og samordne møteaktivitet der det er naturleg. Medverknad vil verta gjennomført på fylgjande måte:

Medverknad frå lokalsamfunn (grendamøter)

Eigne temamøte med spesielle grupper; gardbrukarar, friluftorganisasjonar, kommunar og fylkeskommunar

Involvering av reiselivet (verksemder og eller destinasjonsselskap), båtverksemnder med ferdsel på fjorden.

Deltaking i prosjektgrupper saman med besøksforvaltningsprosjektet.

Organisering og roller

Prosjektansvarleg

Nærøyfjorden verneområdestyre

Styringsgruppe

Nærøyfjorden verneområdestyre

Mandat: overordna ansvar for prosjektet og prosjektresultat

Prosjektleder

Verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes

Mandat: ansvarleg for gjennomføring og utarbeiding av besøksstrategi, sekretær for styringsgruppa.

Prosjektmedarbeidar

Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen

Mandat: bidra i arbeidet med utarbeiding av besøksstrategi og det som vert levert. Bidra aktivt med innspel i prosjektarbeidet, og rapportera framdrift og ressursbruk i forhold til dei ulike aktivitetane i prosjektet.

Referansegruppe

- Fagleg rådgjevande utval for Nærøyfjorden verneområdestyre
- Administrativt kontaktutval for Nærøyfjorden verneområdestyre
- Hanne Lykkja, prosjektleder besøksforvaltningsplan for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, Mandat: delta i drøftingar og gje innspel slik at arbeidet som vert gjort er relevant, fagleg forankra og rett prioritert i forhold til prosjektmålet. Prosjektleder for besøksforvaltningsplanen vil og ha ei aktiv rolle for å samordne desse to prosjekta, tilsvarande rolle som verneområdeforvaltar har i besøksforvaltningsprosjektet til VNF.

Ressurspersonar/organisasjonar

Miljødirektorat

Fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane

Kulturavdeling hjå fylkeskommunen i Hordaland og Sogn og Fjordane

Tidsplan og milepælar for arbeidet

Aktivitet/Milepælar	Tidsplan	Ansvarleg	Gjennomfører
Vedta prosjektplan	01.03.2017	Verneområdestyret	Forvaltar, verneområdestyre
Samanstilling av tilgjengeleg kunnskap om området	01.03.2017 – 01.07.2017	Forvaltar	Samarbeid med SNO og ulike fagmiljø
Erosjonsskadar i Nærøyfjorden, naturområde og kulturminne	20.02.2017 – 01.05.2018	Forvaltar	SNO, fagrapport
Samanstilling av kunnskap om kulturminne/kulturlandskap	01.03.2017 - 01.11.2017	Forvaltar	Forvaltar, SNO, fylkeskommunane, kommunane, prosjektleder besøksforv.
Sårbarheitsvurdering tursmål	01.01.2018 – 31.12.2018	Forvaltar	Forvaltar, SNO, fagmiljø
Brukarundersøking turstiar	01.07.2017 – 01.12.2018	Forvaltar	Forvaltar, SNO, prosjektleder besøksforv.

Gjennomføra lokal møter	01.03.2017 – 31.12.2017	Forvaltar	Samarbeid med prosjektleiar besøksforv.
Møte ulike interessegrupper	01.03.2017 – 31.08.2018	Forvaltar	Samarbeid med SNO og prosjektleiar besøksforv.
Moglegheitsstudie	01.08.2017 – ?	Prosjektleiar besøksforv.	Fagmiljø, prosjektleiar besøksforv.
Formidlingsplan	2017 – 01.11.2020	Forvaltar	Samarbeid med SNO og verdsarvrådet
Lage tiltaksplan	01.10.2017 – 01.11.2018	Forvaltar	
Godkjenning besøksstrategi	01.12.2018	Forvaltar	Verneområdestyre

Budsjett

Aktivitet/tiltak	2017	2018
Erosjonsskade. Finansiert i 2017		
Sårbarheitsanalyse av nye område, kjøp av teneste		100 000
Samanstilling kunnskap om naturverdiar og kulturminne, kjøp av teneste	50 000	50 000
Brukarundersøking stiar		50 000
Supplerande kunnskapsinnhenting		30 000
Møte med organisasjonar og næringsliv	20 000	20 000
Konferanse besøksforv.		50 000
Formidlingsplan, koordinera med verdsarvrådet	oppstart	50 000
Utbetring eksisterande ilandstigningsplassar	50 000	50 000
SUM	120 000	400 000

Kritiske suksessfaktorar

- Innhenting av tilgjengeleg og ny kunnskap om området med tilgjengelege ressursar (personell og økonomisk)
- Forankring og deltaking frå reiseliv og lokalsamfunn
- Informasjonsflyt i prosjektet og mellom besøksforvaltningsprosjekta
- Finansiering av tiltak